

Nabovarsel for privatpersonar

Dette er ei rask forklaring på stega du må igjennom når du nabovarlar for å bygge eller rive.



1. Bestill naboliste frå kommunen

Alle på denne lista må varslast. Står kommunen oppført på lista? Då må dei også varslast. Skal du rive noko? Då må du i tillegg varse alle kreditorar og andre som har pant i eigedomen



2. Fyll ut nabovarselet og samle alle vedlegga

Samle teikningane og annan dokumentasjon som naboane skal få. Lag kopiar av dette settet, så du har eitt til kvar nabo, og eitt ekstra som leggjast ved byggesøknaden.




3. Del ut nabovarsel

Del ut nabovarsel til kvar nabo på nabolista. Er det fleire eigarar/festarar av ein eigedom? Då må alle få eige varsel. Du kan kombinere leveringsmåtane A, B, C og D:



A. Personleg overlevering

Leverer du nabovarselet på døra, kan naboen signere med ein gong på at dei har motteke varselet. Om naboene ikkje har innvendingar, kan dei samstundes signere på at dei samtykker til byggeplanane



B. Sende på e-post eller sms

Varselet er berre gyldig om mottakar stadfestar at varselet er motteke. Automatisk svar held ikkje.



C. Sende rekommandert

Hugs å få Posten til å kvittere for kven du har varsla. Svarfristen byrjar å gå frå datoen på kvitteringa. Naboene treng ikkje svare




D. Sende digitalt via Altinn

Svarfristen byrjar å gå frå datoen du sender varselet. Naboene treng ikkje svare. [Sjå kva slags søknadsløysingar som tilbyr digitalt nabovarsel her](#)



4. Vent 14 dagar

Du må vente i 14 dagar før du sender byggesøknaden til kommunen. Dette er fordi naboane skal ha tid til å setje seg inn i byggeplanane dine, og kunne kome med merknader. Du slepp å vente om alle naboane stadfestar at dei samtykker til byggeplanane.



5 A. Ingen merknader frå naboar?

Då kan du sende inn søknaden! Legg ved kvitteringane som viser at alle naboane har blitt varsla og ein kopi av nabovarselet med alle vedlegg



5 B. Har nokon av dei gjeve merknader?

Vurder ut frå merknadene om du bør

- Endre byggeprosjektet og varsele alle naboane på nytt
- Sende inn byggesøknaden som han er, med alle merknader og dine kommentarar til kvar enkelt merknad.

Nabovarsel

Naboar som blir varsla skal behalde eit eksemplar av denne.
Eit eksemplar sendast også til kommunen saman med byggesøknaden

Eg har planar om å:

- Byggje tilbygg Rive tilbygg Bruksendring
 Byggje frittliggjande bygning Rive frittliggjande bygning Anna (berre etter avtale med kommunen)

Skildring av kva som eg skal gjere:

Utlegging av flytebrygge 3x8m, pluss utriggere.

Eigedomen eg skal gjere noko på:

Adresse: Vestre Sævrøyna 44	Cardsnr: 166	Bruksnr: 1
Postnr/stad: 5943	Festenr:	Seksjonsnr:
Kommune: Austrheim		

Plan(ar) som gjeld for eigedomen:

- Kommuneplanen Reguleringsplan Andre plan(ar)

Namn/nummer på planen(ane):

- Eg treng ikkje dispensasjon eller andre løyve
 Eg treng dispensasjon eller andre løyve frå følgjande reglar/vilkår:

Forbud mot å bygge i 100 meters beltet

Eg har lagt ved:

- Snitt-teikning før og etter Fasadeteikningar før og etter Situasjonsskart som viser kvar eg skal byggje/rive

Andre vedlegg (t.d. søknad om dispensasjon): **Tegninger D-1 til D-5**

Som nabo har du rett til å komme med merknader innen 14 dager

Om du ikke har merknader er det til stor hjelp om du gir meg beskjed, så slipper jeg å vente 14 dager.

Du kan kontakte meg på adressen under hvis du har spørsmål, merknader eller samtykker til byggeplanene

Namn: Kjetil Alvestad	E-post: kjalves@online.no
Adresse: Skagetjernvegen 57	Postnr/stad: 5258 Blomsterdalen

Hilsen

Dato: **29.04.21**

Underskrift:

Kjetil Alvestad